

Folgefonnlandsbyen Jondal – med hjarte på rette staden!

Folgefonnlandsbyen er eit bydemobiliseringsprosjekt med eit todelt siktemål. For det fyrste skal me saman utvikle heile Jondal kommune til å verte endå meir triveleg og attraktiv som bustad for både born, unge, vaksne og eldre. For det andre skal me saman stimulere til vidareutvikling av næringsliv, reiseliv og infrastruktur knytt til Folgefonna og bygdene i landsbyen.


Eit levande lokalsamfunn med rause og glade innbyggjarar, eit blømande næringsliv, god infrastruktur

og eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar er heilt avgjerande for å utvikla det store potensialet i Folgefonnlandsbyen. Åleine klarar me kanskje ikkje å utrette så mykje –men saman er me sterke!

Difor er det å **flagga for naboen og nabobygda** sjølve drivkrafta i Folgefonnlandsbyen. Me er stolte av det naboen får til, og skal støtta opp om kvarandre i både medgang og motgang. Gjennom å halde fokus på verdiane **raus, glad og mangfaldig** – og hegne om samarbeid og fellesskap så skal me snu utviklinga i Folgefonnlandsbyen i ei positiv retning, og nå alle våre mål.

Måla for Folgefonnlandsbyen er arbeid fram av landsbybuarane sjølve. I 2013 skal me ha oppnådd: - **ny restaurant og opplevingscenter ved Folgefonna**

Sommarskiser –tettstadprosjektet i Jondal sentrum skal vere gjennomført – **100 nye innbyggjarar** -30 nye arbeidsplassar –**etablert eit trim-, helse- og spasenter** –fleire sosiale møtestader for ungdom og vaksne – **fleirbrukshall** -10 nye utleigebustader –**Jondalstunellen skal vere opna!**



For å klara alt dette treng me deg!!

Viss du ynskjer å delta i Folgefonnlandsbyen så har me 11 team (grupper) som arbeidar med ulike felt. **Teama er alltid opne for nye deltakarar, nye tankar og innspel!** Ta kontakt med teamleiarane eller landsbylosen for å bidra med det du har lyst til. Slik kan **DU** påverke utviklinga i Folgefonnlandsbyen.

Infrastruktur. Teamleiar er Rigmor Pile Lothe (tlf: 97439069). Fokuset framover er å få opp nye infoskilt med korrekt informasjon ved alle innfallsvegar til Jondal. For å få synleggjort alle tilboda som finst (t.d. symjehall, bibliotek, kulturminner osv), skal me òg arbeide for å betre skiltinga internt i kommunen.

Ungdomsteamet sin teamleiar, Sidsel Haugen (tlf: 47284424), har ein god partner i Ragnhild B. Hauge. Saman held dei styr på rundt 30 aktive ungdommar som er i gang med å planlegge Hardanger sin fyrste festival for ungdom. **Folgefonna Ungdomsfestival** går av stabelen 27.-28. Juni 2009. 9. desember kl. 18.00 på Jonsvoll er det infomøte som er ope for **alle** som ynskjer å veta meir om festivalen.

Fritidsaktivitetar med teamleiar Egil Strømme (tlf: 90898279) er godt i gang med bygginga av tursti m/ gangbru over Jondalselva, og ferdigstillinga av det etterlengta turkartet. Både kart og sti vert truleg ferdig vår/forsommar 2009. I tillegg er **fotoklubben** med i dette teamet. Viss du ynskjer å bli med i fotoklubben så ta kontakt med Ingvild Jondahl (tlf: 90689707), eller møt opp fyrste tysdag i månaden i kommunestyresalen.

Info og kommunikasjon. Teamleiar er Christian Tolås (tlf: 92647818). Teamet har laga nettsida **www.folgefonnlandsbyen.no**. Me er på jakt etter skriveglade folk som har lyst å bidra til nettsida og til eit planlagt landsbyblad. Ikkje nøl med å ta kontakt viss du ynskjer å dela dine forteljingar om fortid, notid og framtid i Folgefonnlandsbyen Jondal.

Reiseliv. Teamleiar er Knut Flatebø (tlf: 91545325) . På grunn av vår unike framkomst til Fonna har reiselivssektoren i Folgefonnlandsbyen eit stort vekst- og sysselsetjingspotensiale. Me vil blant anna arbeide for å utvikle fleire aktivitetstilbod knytt til fjord, fonn, fjell og kulturlandskap.

Næringsutvikling. Teamleiar er Tørres Mæland (tlf: 46812010). Teamet vil vera ein pådrivar og tilretteleggar for nyetablering av næringsaktivitet i Jondal kommune. Teamet skal jobbe for ei sunn utvikling i **heile** kommunen. Målet er å bidra til at me får stoppa den negative trenden i folketalsutviklinga.

Landsbymat. Teamleiar er Olav Eide (tlf: 91736377). Teamet har allereie produsert eit eige **Landsbybrød** som du no kan få kjøpt i matbutikkar i Herand og Jondal sentrum. Vår eigen **styrkedrikk** er òg på veg!! I 2009 skal me utvikle ein **Landsbymeny** basert på lokale og regionale råvarer og oppskrifter.

Kurs og velver har Ann Kristin Eide som teamleiar (tlf: 97100879). Teamet set fokus på kropp og sjel, kultur og helse, motivasjon og inspirasjon. Dei har starta **lesesirkel**, og på nyåret skal dei blant anna arrangera **ost og vinkurs**, og **trenings- og velvereweekend**. Teamet har mange ynskjer og planar –les meir på www.folgefonnlandsbyen.no

Landsbyfest, med teamleiar Sissel Ljones (tlf: 91375057) i spissen, skal snart i gang med "ambulerande quizpub". Følg med; dei kjem snart til eit bygdaus nær deg☺

Landsbykoret har Anne Røymstad (tlf: 97571448) som teamleiar. I haust har dei øvd inn eit ABBA-repertoar, og dette har vore utruleg artig! Målet er å syngja og ha det kjekt i uformelt lag. Meld deg inn i dag!

Fredssenter. Teamleiar er John Skogseth (tlf: 41676675). Fredsteamet vil gjera Folgefonnlandsbyen til ein møtestad for menneske som er opp-tekne av fredsspørsmål i nær og vid forstand. Teamet vil arrangera kurs, samlingar med fredsspørsmål på dagsorden, litteraturformidling og kontaktaktivitet med demokrati- og utviklingsrørslar i andre land.